

# Møtereferat

**Møte:** Tlf møte mellom AU Midt og kretsleiarane i region Midt

**Tid/Sted:** Torsdag 23.04.20 kl 9 – kl 10

**Tilstede:** Kretsleiarar:  
Lars Harbækvold, Paul Woxeng Sollid, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Ola Joakim Ranheim, Geir Brede, Signe Lillian Nordmeland, Tore Rennan, Ivar Wang, Mette Karlgård, Mette Aatlo, Otte Munkeby, Odd Erik Rødde, Even Landrø, Arnt Håkon Fløttum, Per Hindseth, Lars Oddbjørn Størset, Egil Berdal, Ingrid Gauslaa Hårstad, Steinar Lium, Jørgen Rønning, Ole Bendik Nilsen, Trine Reinfjell Engdal, Tomas Øverås, Torill Farstad Vågen, Jorunn Karin Kvernen.

AU Midt:  
Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Sverre Tyldum, Kolbjørn Frøseth, Borgny Kjøstad Grande, Bård Tore Berntsen.

Konsernstyret:  
Olav Håkon Ulfsnes

Adm:  
Roy Albertsen og Magne Trondmo.

**Forfall:** Tormod Bergum (vara Ola Joakim Ranheim deltok)

**Kopi til:** Vara AU, Silje Laugsand Pynnten og Tor Olav Brandtzæg.

**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 23.04.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Orientering frå styret</b> Olav Håkon orienterte om <ul style="list-style-type: none"><li>Styret sitt forslag til disponering av årsresultat. Pga usikkerheit knytt til koronasituasjonen har styret valgt å innstille til årsmøtet på at det ikkje vert utbetalt frå medlemskapitalkonto no.</li><li>Marknadsmogelegheitene. Tilførselsmarknaden: Nortura vil styrke innsatsen for å auke marknadsandelane. Sluttmarknaden: Forbrukar har sterk preferanse for merkevarene, og er det som kan gje oss ekstra pris. Er eit mentalt importvern, dersom vi klarer å marknadsføre oss som eit berekraftig selskap, produsert av den norske bonden, med lågt klimaavtrykk, friske dyr/god dyrehelse, høg produksjon, god dyrevelferd, beredskap, m.v.</li><li>Styret jobbar hardt med å ta ned kostnadane i Nortura. Langsiktig arbeid for innsparingar over tid. Industristruktur størst fokus, sidan det der er mest å hente.</li></ul>	
	<u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>Støttar at det ikkje vert betalt ut utbytte, i situasjonen no.</li><li>Veldig bra med fokus på merkevarene. Må informere om nettsida gilde.no med oversikt over produkta våre. Etterspør varene!</li></ul>	
2	<b>Orientering om gjennomføring av årsmøtet 28.04</b> Lars Morten orienterte om at årsmøtet vert gjennomført digitalt, med fokus på dei formelle sakene årsmelding, rekneskap og val. Vert også ein time til diskusjon og spm, der	

regionane får 5 min kvar til innlegg. AU Innlandet har kome med eit innspel, til eigarorganisasjonen og industriutviklinga.

### 3 **Innspel til styret knytt til strategiprosessen**

Lars Morten orienterte om AU sine innspel:

- Spm 1: Konkurransedyktig pris. Oppsøkande virksomheit. Eigarfølelse og felles virkelegheitsforståing for selskap og eigarar.
- Spm 2: Felles virkelegheitsforståing, Synleggjer at tiltak vi set i verk gjev resultat. Kunnskap hos eigarar om Nortura si rolle i norsk landbrukspolitikken/landbruk over heile landet.
- Spm 3: Få forståing for langsiktig perspektiv. Prioritere investeringar og langsiktighet framfor kortsiktige utbetalingar. Opne for individuelle kapitalinstrument.

Ba om innspel frå kretsleiarane.

#### 1)

Nortura har mistet tilførsler og tapt markedsandeler i tilførselsmarkedet de siste årene. I den nye strategien er det en klar målsetting om å snu den utviklingen. Det er nødvendig, både for å kunne håndtere rollen som markedsregulator på en effektiv måte og for å fungere som prissetter i framtida.

*Hva mener du er de 3 viktigste kriteriene som må oppfylles (i prioritert rekkefølge) for at vi skal nå målene om økte markedsandeler i tilførselsmarkedet?*

Innspel:

- Vi må hente når bøndene vil levere.
- Kommunikasjon: Viktig å få fram langsiktighet, stabilitet og robustheit, mogelegheita for å kunne levere.
- Folk føler ofte at ting er litt tungrodd. Vanskeleg å få tak i folk på livdyr. Servicegrad overfor medlemmane må justerast opp, hos Eidsmo og Midt-Norge går ting raskare. Folk er meir utålmodige no.
- Må vere i nærheita av best på pris. Dei som går til konkurrent gjer det pga pris, fordi dei er nøydd.
- Saknar prisløft for kylling- og eggprodusentar.

#### 2)

Den Gordiske knute: Nortura mister mye tilførsler fordi vi ikke er tilstrekkelig konkurransedyktig på pris. Samtidig når vi foreslår tiltak for å styrke betalingsevnen til bonde, så mister vi tilførsler da også, hvis tiltakene berører bonden enten direkte eller indirekte. Eksempler er endringer i inntransport og nedlegging av Otta-anlegget.

*Hvordan skal Nortura håndtere dette dilemmaet i framtida slik at ikke innsparingspotensialet smuldrer bort i utmeldingsprotester?*

Innspel:

- Pris er viktig, særleg for dei med stort volum. Kva tenester Nortura yter er også viktig å få fram. Ein medarbeider som reiser rundt og fortel om fordelane med Nortura er bra. Må synleggjere kva Nortura har å tilby, mange er godt fornøgde med rådgjeving og livdyr. Må verte flinkare å vise dette for rekruttering av nye produsentar.
- Når eigarane vert fornøgde, glir ting lettare. Har misst den beste dyrebilsjåføren vår, er viktig limstoff.
- Må tenke kva inntekter vi kan få med ein medarbeidar som kan selje inn Nortura, framfor kostnaden med han.
- Må vere tidlegare på med info om kva som er planlagt, samt gjennomføring.
- På gris hatt to stunt som ikkje er informert om i god tid, men føremålet var å kome brått på konkurrentane.
- Når eit tiltak skal iverksetjast, må det vere plan og tidslinje. Truverdig budsjett for innteninga. God og truverdig kommunikasjon, med ein plan for å unngå

forsvarsposisjon.

- Kommunikasjon, vere i forkant, fyrst til kretsleiarane. I forhold til inntransport kunne kretsleiarane ha gjort ein jobb med å førebu medlemne.

### 3)

Nortura kommer i den nye strategiplanen til å sette et tydelig mål om konkurransedyktighet på utbetalingspris til bonden. Som et ledd i å styrke konkurransekraften, og i neste omgang evne til å betale bonden best mulig, jobbes det blant annet med en enhetlig industriplan. Skal den kunne realiseres vil det de neste årene bli behov for noen ekstraordinære investeringer.

*Gitt en situasjon der det kan bli krevende å oppfylle begge disse målsettingene samtidig: Hvordan bør Nortura prioritere da? Hvilket råd vil du gi til styret?*

Innspel:

- Viss vi ikkje kan levere pris til bonden, misser vi tilførselar og har ikkje nokon å investere for.
- Usikker på kor godt den unge generasjonen kjenner til samvirkeprinsippa. Kva vert gjort for å informere på landbruksskulane?

---

#### 4 **Orientering om vedtektsarbeid**

Lars Morten orienterte om at styret har sett ned ein vedtektskomité, og det vert no jobba med mandatet. Vert sak vidare i løpet av året. Ber om at kretsleiarane tenker over korleis vi skal organisere oss for å ha god eigarstyring.

Olav Håkon orienterte om at styret har nedsett vedtektskomité, med forslag til mandat. Komitéen har hatt eit møte og har føreslått endringar i mandatet. Kapitalinstrumenta vi har i dag fungerer ikkje godt nok, då det er del av eigenkapitalen i selskapet og behov for årsmøtevedtak for å kunne gjere utbetalingar. Behov for justeringar i forhold til samvirkelova. I forhold til eigarorganisasjonen ynskjer om å sjå på storleik på styret og samansetnad, og oppgaver AU. Olav Håkon ynskjer at det vert fokus på industristruktur no, og heller gjere berre mindre endringar i eigarorganisasjonen.

Spørsmål/kommentarar:

- Vi må vere våken i prosessen, og passe på at det framleis vert fokus på landbruk over heile landet.

---

#### 5 **Kretsarbeid**

Lars Morten orienterte om at det er viktig at vi er aktive der det er mogeleg, m.a. i sosiale media. AU har fått kommunikasjonsavdelinga til å lage forslag på mal for profilering av eigen gard og produksjon, knytt opp til Nortura, Gilde og Prior. Oppfordra om at dette vert nytta som positiv profilering av landbruket, no når folk er opptatt av mat. Han ba om innspel på forslaga.

Lars Morten ba også om innspel på annan type aktivitet i kretsane i denne tida.

Innspel:

- På FB mogeleg med rammer rundt profilbiletet. Kan det lagast med merkevarane våre? Då vil mine venner sjå at eg er Gilde-produzent. For hvermansen ikkje greitt å sjå det i butikkhyllene.
- Viktig å vere på plattformene vi kan for reklame for produkt og daglegliv. Oppfordring om å ikkje hamne i skyttergravskrig i forhold til veganer og kjøttskam. Vi har eit handlingsvindu no, og viktig å vere saklege med korrekt info om matproduksjonen.
- TINE er flink med snapchatrammer, då når vi yngre publikum. Dette bør vi også prøve.
- På Tillitsvalgtsida på FB har det vore fokus på merking av varer. Vi må framheve at Gilde har norske råvarer, utan å rakke ned på konkurrentane.
- Kan svare dei som er negative ein gong, deretter ignorere. Betre å svare positivt på dei som responderer positivt.

- Ringe dei som er negative, for kunnskapsbygging.

---

6 **Eventuelt**

- Forslag om å sende ei helsing til alle ansatte i region Midt som står på for oss i koronasituasjonen.
- Lars Morten føreslo fylgjande tekst: Tillitsvalde i Midt-Norge vil sende ei helsing til leiing og tilsette om at vi set pris på jobben som er gjor i koronasituasjonen, der vi har tilpassa oss og vore leveringsdyktige.
- Kan fokusere på at det er ei helsing frå Nortura sine eigarar, og bruke som mediasak.